

Alle land i verda har forplikta seg til å jobbe for å nå dei såkalla tusenårsmåla til FN om å fjerne fattigdommen og urettferda i verda innan 2015. Diverre er det svært få som veit noko om desse viktige måla. Difor vert det denne hausten sett i gang ein omfattande kampanje i forlenginga av Live8 og "Make Poverty History", mellom anna med eit stort FN-arrangement i Ålesund.

# FN utfordrar vestlendingane

[ GEIR ARNE SOLHEIM ]

Den internasjonale veka i Ålesund går frå 19. oktober og fram til FN-dagen 24. oktober.

– Dette er eit viktig arrangement som skal setje fokus på kva som må gjerast for å hjelpe dei fattigaste i verda. Tiltaket er eit samarbeid mellom FN-sambandet, Utanriksdepartementet og Ålesund kommune, og målet er å spreie kunnskap om tusenårsmåla og la folk i regionen få ta del i spanande, multikulturelle aktivitetar.

Ein av føredragshaldarane er den verdskjende korrupsjonsjegeren Eva Joly, fortel informasjonssjef i Ålesund kommune, Eli Anne Tvergrov.

## Vil auke kunnskapen

Det er verkeleg ei utfordring å spreie budskapet om tusenårsmåla, sjølv om innhaldet i grunnen har vore aktuelt i mange tiår. Ålesund kommune har valt å fokusere på mål sju og åtte om berekraftig utvikling og globalt partnerskap. Diverre er det svært få som kjenner til desse måla. Berre 12,6 prosent av sunnmøringane hadde høyrte om tusenårsmåla då dei vart spurde i sommar. 793 innbyggjarar over 15 år frå Ålesund, Hareid, Ørsta, Skodje, Sula, Giske og Haram vart intervjuva av TNS Gallup. Det var ikkje mange som kunne forklare kva tusenårsmåla var.

– Vi håper på auka kunnskap etter den internasjonale veka i Ålesund, seier arrangementskoordinator Gro Linn Gamst Løland.

Kort fortalt er krava til kampanjen meir rettferdig handel, sletting av u-landsgjeld og meir og betre bistand.

– 2015-måla set fokus på det heilt grunnleggjande. Alle barn har rett på gratis skulegang. Sjukdomar skal

unnåast med mellom anna myggnett mot malaria, og spedborna skal få vitamintilskot. Alle skal ha rett til ein bustad og til personleg tryggleik. Det unike med tusenårsmåla er at dei ikkje berre står

som løfte frå endå eit FN-toppmøte. Viktige institusjonar som Verdsbanken, Valutafondet (IMF) og Verdas

Handelsorganisasjon (WTO) har stilt seg bak. Tusenårsmåla sikrar altså global semje om ein felles kamp mot fattigdom, smiler Eli Anne Tvergrov i Ålesund kommune.

## Alle har eit ansvar

Samstundes er det ikkje nok berre å ha dette på papiret. Politikken må endrast, og kvar og ein av oss må gjere noko aktivt sjølve. Som det heiter: Ingen kan gjere alt, men alle kan gjere noko!

Tusenårsmåla er åtte konkrete mål for å få slutt på fattigdommen og urettferda i verda. Alle land i verda har forplikta seg til å jobbe for å nå måla innan 2015. Kvar land har ansvaret for at jobben vert gjort.

– For å nå tusenårsmåla er det viktig at så mange som mogleg kjenner dei og støttar opp om dei. Internasjonal veke vert arrangert to stader i landet kvart år som eit av fleire tiltak for å auke forståinga

rundt tusenårsmåla i Noreg. Ålesund overtek no stafettpinnen etter Drammen, som hadde internasjonal veke i vår, fortel informasjonssjef Eli Anne Tvergrov.

## TUSENÅRSMÅLA TIL FN

- Mål 1: Halvere fattigdommen
- Mål 2: Utdanning for alle
- Mål 3: Fremje likestilling
- Mål 4: Redusere dødstalet for barn
- Mål 5: Redusere dei svangerskapsrelaterte dødstala
- Mål 6: HIV/AIDS og malaria
- Mål 7: Berekraftig utvikling
- Mål 8: Globalt partnerskap

### Globalt og lokalt engasjement

Hilde Frafjord Johnsen, utviklingsminister i Bondevik II-regjeringa, meiner å sjå ei folkerørslé under oppsegling. Live8-konsertane og kampanjen "Make Poverty History" var store og fekk mykje merksemd.

Sjølv om både tusenårsmåla og arrangementa har fått ein del kritikk òg – det vert sagt at budskapet er for utydeleg – så er konklusjonen at vi må engasjere oss. Det kan skje på fleire måtar, til dømes

ved hjelp av enkle verkemiddel som solidaritetsarmband eller at du engasjerer deg aktivt i ein lokal organisasjon, seier Eli Anne Tvergrov i Ålesund kommune.

### Suksessfaktorar

Hilde Frafjord Johnson forklarar fire faktorar som må vere på plass om ein skal lukkast med ein global reformagenda. Den første omfattar rettferdig handel, sletting av gjeld og annan global politikk.

Den andre faktoren gjeld ei reform for meir og betre bistand. Den tredje er at utviklingslanda ryddar i eige hus, reformerer og forbetrar styresettet sitt, driv ein betre fordelingspolitikk, reduserer fattigdommen og kjempar mot korrupsjon.

Den fjerde faktoren gjeld mobilisering av privat sektor og frivillige krefter.

– Kampen mot fattigdom kan ikkje vinnast av det offentlege åleine. Brei deltaking er heilt naudsynt, meiner Frafjord Johnsen, som i lang tid har jobba mykje med desse problemstillingane.

### Aktive Ålesundsdagar

Den internasjonale veka 19.–24. oktober byr på eit variert program i Ålesund og dei omliggjande områda. Opningsdagen vert spesiell med fleire arrangement, flaggheising, seminar og utstillingar. Utover i veka vert det konsertar med Brazz Brothers frå Sula og sørafrikanske Woman Unite som saman utgjør South Africa Brazz. Dette er den kulturelle hovudsatsinga på arrangementet. Du kan sjå desse opptre både i Ålesund, Brattvåg og Ørsta/Volda. Det vert også konsertar med Symfoniorkesteret og Strykekvartetten. Torsdag 20. oktober vert det fagdag på Høgskulen med korrupsjonsjeger Eva Joly som hovudforedragshaldar.

Temaet er vatn som ressurs og partnerskap nord/sør. Heile veka vert det fotoutstillingar, bokutstillingar, rollespel og FN-utstillingar. Røde Kors skal arrangere "På Flukt", der konfirmantar frå Ålesund får føle på kroppen korleis det er å vere flykting. Det vert Bylaurdag på Moa og i sentrum og ein stor dansegalla i

Fagerlihallen. Tusenårsmåla dukkar òg opp i pausen i kampen mellom AaFK og Lyn (der pauseresultatet vonleg er 5–0).

Måndagen vert det utstillingar, foredrag og eit stort arrangement spesielt for born og unge for å markere at FN er 60 år.

### FAKTA >

- Fram til 2015 skal ein nå 8 mål – med 18 målbare delmål og 48 indikatorar for oppfølging.
- 2,8 milliardar menneske lever i fattigdom.
- Meir enn 100 millionar born i skulealder får ikkje gå på skule.
- Nesten 30 000 born døyr kvar dag på grunn av fattigdom.
- Kvar dag vert 7000 unge smitta av HIV og AIDS.
- 28 millionar menneske gav underskrifta si under Live8-konsertane. Om ti år skal dei åtte tusenårsmåla vere gjennomførte. Viss vi lukkast, vil 300 millionar menneske ikkje lenger lide av svelt og underernæring. Og det vil redde livet til 30 millionar born og to millionar mødrer.